

Sak 13 – 16/17

Høyring – fagleg plattform, profil og strategi.

Diskusjonen i denne saka handla mykje om kva som manglar, om korleis ein har definert og forstått og at det er eit lite gjenkjenneleg dokument for HiB og AL.

Praktisk-estetiske fag og kunst/kultur? Er det synleggjort på ein god måte? Her var svaret nei. I dag har dei praktisk-estetiske faga fasilitetar, men kva med posisjonen? Noko av det handla om at konkretiseringa er ujamn. Mat og helse, eit miljø med nasjonal forankring, er ikkje nemnde. Idrett og ernæring er nemnde, men kva med kosthald/mat og helse. Kva prinsipp ligg bak at ein nemner nokre stikkord og utelet andre.

Under profilområdet Danning, kultur og samfunn (s. 11) er det uklart korleis ein har kome opp med dei seks profileringane. Fag- og allmenndidaktikk vart sett positivt på av dei fleste, men praktisk-estetiske fag var sakna. Det vart også understreka at definisjonen av idrett må fram.

Internasjonalisering er lite framtrekande. Allereie innleiingsvis (s. 5) er det klart at det internasjonale perspektivet er svakt og at verdiane blir snevre.

Diskusjonen vart oppsummert på denne måten:

- Berekraftomgrepet er for smalt.
- Kroppsøving må også med under fysisk aktivitet.
- Bør bruke omgrepet velferdsteknologi og ikkje helse- og omsorgsteknologi.
- Det manglar systematikk og fellesnivå i omgrepsbruken.
- Kvar er lærarutdanningane?